



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.: LSK

Dykkar ref.:

Voss, 24.03.2015

KOMMENTAR TIL PROGNOSETALA FOR SKULEÅRET 2015-16

Leiinga ved skulen har sett på prognosetala og tatt ei vurdering av fagtilbodet for 2015-16 i lys av desse tala.

Tilbod avd. Vatlé:

- 1) Tilbodet for minoritetsspråklege(AOLOVOJ---) har få søkjarar. Vi er bekymra over det lave talet her sidan alle dei vidaregåande skulane på Voss samt Voss ungdomsskule meiner det er eit behov for dette tilbodet på Voss. Voss kommune er i ferd med å ta imot fleire flyktingar i nær framtid. Vi håpar difor at dette tilbodet kan liggje inne så lenge som mogleg for å sjå om søkjartalet aukar etter at alle søknadane er registrert. Men skulen sin økonomi tilseier at vi ikkje kan kjøre dette tilbodet med få søkjarar og ynskjer ikkje å starte opp tilbodet utan at vi har full klasse eller får tilført ekstra midlar for å oppretthalde tilbodet.
- 2) Vi ser at vi har få primærsøkarar til Vg1 Service og samferdsel (SSSSA1----). Skulen ser det som svært viktig å ha dette tilbodet for 2015-16. Programområdet er planlagt som eit tilbod ved Nye Voss gymnas som ein del av skulebruksplanen. Det viktig at vi greier å oppretthalde fagmiljøet og kompetansen inn mot samanslåinga og skulen prioritera difor dette høgt. For å få dette til samstundes som vi har kontroll på økonomi ser vi for oss ei samanslåing i fellesfaga både for Vg1 Service og samferdsel og reiseliv på Vg2. Vi vil og samordne Vg1 klassen og Vg2 reiseliv i PFO.

Tilbod avd. Bryn:

- 1) På programområdet Teknisk og industriell produksjon har vi god søknad til Vg1, Vg2 arbeidsmaskiner (TPAMK2----) og Landbruksmaskinmekanikar (LPLMM3F---). Vi har lav søknad til Vg2 (TPKJT2----).Vi har tatt ei vurdering og ynskjer å ta vekk tilbodet Kjøretøy (TPKJT2----) på Vg2 for skuleåret 2015-16. Med så få primærsøkarar ser vi at det blir for tynnt grunnlag til å få drift og liv i dette tilbodet no. Vi seier oss ikkje nøgd med dette. Vi har hatt tett dialog med bransjen på Voss og både vi og dei ser behovet for at vi får dette tilbode inn igjen her på Voss. Lokale bedrifter har behov for rekruttering av lærlingar og fagfolk. Nye Voss vidaregåande er no under bygging og her ligg Kjøretøy (TPKJT2----) inne som eit tilbod (skulebruksplanen). Fram mot august 2016 vil vi samarbeide tett med bransjen slik at vi saman kan profilere tilbodet og få nok søkjarar på plass til nye skulen står klar hausten 2016. Som eit ledd i denne strategien ynskjer vi å auka tale på plassar for Vg1 TIP. Vi har mange primærsøkarar til Vg1 TIP, 49 søkjarar til 30 plassar. Skulen har

kapasitet på utstyr og rom til å auke talet på plassar her. Dersom vi aukar tal på Vg1 klassar frå to til tre vil vi og auka rekrutteringsgrunnlage for dette programområdet inn til den nye skulen i Skulestadmoen.

Konklusjon:

- 1) Ny vurdering for Innføringsklassen(AOLOVOJ---) etter prøveinntak.
- 2) Oppretthalde Vg1 service og samferdsel (SSSSA1----).
- 3) Ta bort tilbodet Kjøretøy Vg2 TIP (TPKJT2----) for 2015-16.
- 4) Auke talet på plassar Vg1 TIP (TPPIP1----) for å auke rekrutteringsgrunnlaget til Vg2 løpa; Kjøretøy (TPKJT2----) og Arbeidsmaskiner (TPAMK2----) til hausten 2016 når nye skulen står klar.

Med helsing

Line Skage

Rektor